



**DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT**

Ifølge liste

Dykkar ref

Vår ref
13/1918-

Dato

18 DES 2015

Osane kraftverk i Suldal kommune i Rogaland fylke - klagesak

Suldal kommune, Stavanger Turistforening og Naturvernforbundet i Rogaland klager i brev av høvesvis 21.3.2013, 31.3.2013 og 2.4.2013 på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt løyve av 7.3.2013 til bygging av Osane kraftverk.

NVE har vurdert klagen utan å finne grunnlag for å gjere om sitt vedtak, og har sendt saka til departementet i brev av 11.11.2013.

1. Bakgrunn

Småkraft AS søkte 23.11.2005 om løyve til bygging av Osane kraftverk.

Osane kraftverk vil nytte eit fall på 95 m i Steinstølåna, mellom inntak på kote 702 og kraftstasjon på kote 607. I den opphavlege søknaden var det planlagt ei slukeevne på 2,66 m³/s, som svarar til om lag 150 % av middelvassføringa. Det var føreslått slepp av minstevassføring på 130 l/s heile året. Kraftverket ville med dette ha ein årleg produksjon på om lag 9,1 GWh.

Søknaden er kunngjort og sendt lokale myndigheter og interesseorganisasjonar. Suldal kommune, Rogaland fylkeskommune, Naturvernforbundet i Rogaland og Stavanger Turistforening er negative til ei utbygging av Osane kraftverk. Fylkesmannen i Rogaland ber om at det blir tatt særlege omsyn ved val av røyrtasé og at vassveg i tunnel må vurderast. Fylkesmannen ber vidare om at det av omsyn til landskapsverdiar og friluftsliv settast krav om høgare slepp av minstevassføring enn føreslått i søknaden om det blir gitt løyve.

Småkraft AS justerte utbyggingsplanane etter høyringa. Vassvegen vart endra frå nedgravne røyr til tunnel. Samstundes vart planlagt slukeevne auka frå 2,66 m³/s til 3,55 m³/s og installert effekt frå 2 MW til 2,65 MW.

NVE meiner at ei utbygging med vassveg i tunnel og auka krav til minstevassføring i stor grad vil redusere dei negative konsekvensane ved ei utbygging. Etter NVE si vurdering vil ei realisering av Osane kraftverk, på nærare fastsette vilkår, ha akseptable ulemper for landskap, friluftsliv og naturverdiar. Kraftverket vil i tråd med NVE sitt løyve gi om lag 8,3 GWh/år.

2. Klagene

Suldal kommune, Stavanger Turistforening og Naturvernforbundet i Rogaland meiner at det ikkje skal bli gitt løyve til Osane kraftverk og har klaga på NVE sitt vedtak.

Klaga frå Suldal kommune kan summerast slik:

- Utbyggingsplanane er i strid med kommunen sine retningslinjer for småkraftutbygging.
- Kommunen meiner at utbygginga vil vere eit vesentleg inngrep i eit viktig natur- og friluftsområde sjølv med dei endra planane med vassveg i tunnel.
- Kommunen synar til at både kommunen sett under eitt og området ved Sandsavatnet er sterkt prega av vasskraftutbygging.
- Området ved Steinstølen inngår i eit regionalt viktig friluftsområde. Parkeringsplassen ved Osane ved Sandsavatnet er ein viktig innfallsport til dei urørde områda i Dyraheio. Stavanger Turistforening har merka rute her.
- Steinstølåna er eit viktig landskapselement.
- Tiltaksområdet inngår i "hensynssone nasjonalt villreinområde" i regional plan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei.
- Hubro hekkar i området. Det er òg andre fugleartar som er sårbare for forstyrring som har tilhald i området.

Klaga frå Stavanger Turistforening kan summerast slik:

- Stavanger Turistforening meiner at utbygginga vil vere eit stort og uakseptabelt inngrep i forhold til natur- og friluftinteressene i området.
- Vassdraget inngår i eit inngrepsfritt område i ein region som elles er betydeleg påverka av vasskraftutbygging.

Argumenta i klaga frå Naturvernforbundet i Rogaland kan summerast slik:

- Naturvernforbundet meiner at dei miljømessige konsekvensane vil vere store sjølv om vassvegen blir lagt i tunnel.
- Naturvernforbundet synar til at det er ei stor samla belastning av vasskraftutbyggingar i regionen.

3. Departementet sine merknadar

Løyve til utbygging av Osane kraftverk kan bli gitt om "fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser", jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd. Departementet vil drøfte dei merknadane frå klagarane som er naudsynte for å grunngje avgjerda. Departementet kan og ta omsyn til tilhøve som ikkje er tatt opp av klagarane.

Friluftsliv

Tiltaksområdet for Osane kraftverk inngår i eit område som er angitt som "turområder hvor allmenne friluftslivsinteresser bør gis prioritet", jf. regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning (FINK). Det er og avmerkt turløyper i området i planen.

Det kjem klart fram i fråsegn og innkomne klager at området har verdiar for friluftsliv. Suldal kommune, Stavanger turistforening og Naturvernforbundet i Hordaland legg stor vekt på omsynet til friluftsliv i sine klager. Rogaland fylkeskommune legg også avgjerande vekt på omsynet til friluftsliv i si tilråding om ikkje å gi løyve.

Argumenta, slik dei kjem fram i fråsegner og klager, er at tiltaksområdet er eit urørt restområde med landskaps- og friluftsverdiar i eit område som elles er sterkt prega av vasskraftutbygging. Kraftverket vil ligge i eit inngangsområde til eit attverande fjellområde utan større inngrep. Det er turisthytter og turløyper i området som skal være mykje brukt. Tilkomsten til Stavanger turistforening sine hytter på Sand og Stranddalen går langs merka turløype langs Steinstølåna.

Småkraft AS har under konsesjonshandsaminga endra utbyggingsplanane frå å omfatte nedgravne røyr og anleggsveg til inntaket, til vassveg i tunnel og utan etablering av anleggsveg til inntaket. NVE har satt krav om slepp av minstevassføring på 500 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 100 l/s resten av året.

Området har verdiar for friluftsliv som det må tas omsyn til. Etter departementet si vurdering er det lagt betydeleg vekt på å redusere ulempene, både frå utbyggjars side og i NVE sitt vedtak. Departementet meiner at ei utbygging i tråd med NVE sitt vedtak vil ha akseptable ulemper for friluftsliv.

Naturmangfald

Hubro

Det er registrert hubro, som har status som kritisk trua i Rødlista 2015, i området. Hubro er svært sårbar for forstyrring under hekketida.

NVE har fastsatt vilkår om at det skal være stans i anleggsarbeidet i perioden frå mars til midten av juni av omsyn til hubro. Etter departementet si vurdering vil omsynet til hubro, og ev. anna fugl som er sårbare for forstyrring hekketida, med dette vere ivaretatt.

Villrein

Tiltaksområdet er innanfor "hensynssone nasjonalt villreinområde" i regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei, som vart vedtatt av Klima- og miljødepartementet (da Miljøverndepartementet) 17.6.2013. I planen er det gitt følgjande retningsline:

"Nye eller utvidelse av eksisterende kraftanlegg eller kraftlinjer bør unngås. Unntak kan gjøres for tiltak som ikkje innebærer vesentlig negativ betydning for villreinen. Disse vurderingane forutsettes avklart gjennom konsekvensutredninger etter relevant lovverk".

Villreinnemnda for Setesdalområdet uttalar i e-post av 21.8.2013 at villreinen i hovudsak nyttar området som vinterbeite. Området nyttast òg av bukkar som sommarbeite. Det har berre vore sporadisk bruk av området i dei seinare åra, men etter villreinnemnda sitt syn kan bruken av området auke.

NVE meiner at kraftverket, og da spesielt under byggetida, kan virke forstyrrande for reinen sin bruk av området, men at dette kan tas omsyn til ved å fastsette rammer for anleggsarbeidet. NVE meiner at kraftverket ut over dette ikkje vil ha nemneverdige ulemper for rein. Departementet slutter seg til denne vurderinga.

Forholdet til naturmangfaldlova

Skjønnsutøvinga ved sakshandsaming etter vassressurslova må vere i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova. Det inneber at utbygginga av Osane kraftverk og miljøkonsekvensane av tiltaket skal vurderast i eit langsiktig og heilskapleg perspektiv, der det enkelte tiltak sitt bidrag til den nasjonale satsinga på fornybar energi, omsynet til kraftforsyningsstryggleik og tapet eller øydelegging av naturmangfaldet på sikt vurderast. Føresegnene i naturmangfaldlova §§ 8-12 vert lagt til grunn som retningsliner ved departementet si handsaming etter vassressurslova, jf. naturmangfaldlova § 7. Omfanget av vurderingane skal tilpassast verdiane som kan bli råka av tiltaket.

Etter departementet si vurdering er det på bakgrunn av dokumenta i saken og opplysningar frå konsesjonshandsaminga god kunnskap om verdiane i området. Verknadane av tiltaket vurderast òg som godt kartlagte. Departementet finn at kravet til kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova § 8 er oppfylt.

Departementet har sett Osane kraftverk i samanheng med andre påverknadar på naturmangfald i influensområdet og elles i regionen, og finner at den samla belastninga ved ei utbygging av Osane kraftverk er akseptabel, jf. naturmangfaldlova § 10.

Departementet meiner at naturverdiane og mogelege konsekvensar som følgje av Osane kraftverk ikkje er av ein slik karakter at det kan leggjast avgjerande vekt på føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9.

Jamfør naturmangfaldlova § 11 skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket forårsakar, dersom det ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter.

I vassdragskonsesjonar følgjer det eit sett med vilkår der dette leggjast til grunn. Under konsesjons- og klagehandsaminga er ulike løysingar og avbøtande tiltak vurdert. Etter departementet sitt syn er miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar vurdert i tilstrekkeleg omfang, jf. naturmangfaldlova § 12.

Forholdet til vassforskrifta

Etter vassforskrifta § 12 kan nye fysiske inngrep gjennomførast i ein vassførekomst sjølv om miljøtilstanden svekkast dersom:

” ...

- *alle praktisk gjennomførbare tiltak settes inn for å begrense negativ utvikling i tilstanden for vannforekomsten,*
- *samfunnsnyttan av de nye inngrepene eller aktivitetene er større enn tapet av miljøkvalitet, og*
- *formålet med de nye inngrepene ikke med rimelighet kan oppnås kostnadseffektivt på andre miljømessig bedre måter.”*

Etter departementet sitt syn viser vurderingane av tiltaket i forhold til prinsippa i naturmangfaldlova at Osane kraftverk har akseptable konsekvensar for vassmiljøet. Det er vidare fastsett pålegg om avbøtande tiltak for å redusere verknadane. Formålet med utbygginga er å auke produksjonen av fornybar elektrisitet og bidra til lokal sysselsetting og verdiskaping. Kraftverket vil og gje inntekter til grunneigarar og kraftutbyggjar. Departementet meiner at fordelan utbygginga medfører ikkje kunne vært oppnådd så kostnadseffektivt på andre måtar miljømessig sett. Departementet vurderer vilkåra i vassforskrifta § 12 som oppfylt.

Oppsummering

Osane kraftverk vil bidra med om lag 8,3 GWh fornybar energi. Tiltaket vil gi positive ringverknadar lokalt og varige inntekter til søkjar, grunneigar og kommunen.

Det er lagt stor vekt på avbøtande tiltak. Vassvegen skal etablerast som tunnel og det skal leggjast stor vekt på å få ei god landskapstilpassing for inntaksdammen. Vidare er det mellom anna satt krav til slepp av minstevassføring av omsyn til vassdraget sin verdi som lokalt landskapselement og livsforholda for vassdragstilknytte artar, og det er satt restriksjonar for anleggsperioden av omsyn til vilt. Departementet meiner at kraftverket med dette vil ha akseptable ulemper for landskap, biologisk mangfald, friluftsliv og andre interesser.

Etter ei heilskapleg vurdering finn departementet at fordelane og nytta ved tiltaket er større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Vilkåret for konsesjon er såleis oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

4. Departementet sitt vedtak

Klagene frå Suldal kommune, Stavanger Turistforening og Naturvernforbundet i Rogaland blir ikkje tatt til følge. NVE sitt løyve til bygging av Osane kraftverk blir oppretthaldt.

Dette vedtaket kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.

5. Departementet sine kommentarar til vilkår og andre forhold

Post 4: Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Av omsyn til villrein vil det vere naudsynt med avgrensingar i anleggsarbeid knytt til inntaket om vinteren. Eksakte rammer avklarast ved NVE sin detaljplangodkjenning, med innspel frå Villreinnemnda.

Med helsing



Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør



Vegard Hotvedt Strømsvåg
seniorrådgjevar

Kopi til:

Småkraft AS

Fylkesmannen i Hordaland

Norges vassdrags- og energidirektorat

Adresseliste

Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	SAND
Naturvernforbundet i Rogaland	Postboks 441	4002	STAVANGER
Stavanger Turistforening	Postboks 239 Sentrum	4001	STAVANGER